

Notat

Til: Fylkesutvalet
Kopi: Hovudutval for kultur
Frå: Fylkesrådmannen

Fylkeshistorie for Sogn og Fjordane - rapport frå arbeidet

Arbeidet med fylkessoga, vedteke sett igong etter vedtak i FT-sak 54/10 er inne i siste produksjonsåret.

Vedlagt følgjer:

- a) Rapport pr oktober 2014 frå hovudredaktøren.
- b) Oversikt over faglege aktivitetar og publikasjonar i perioden 2012 – 1.10.2014.
- c) Referat frå møte i styringsgruppa 7.10.2014.

Det er særleg to tilhøve som er verdt å merkje seg:

- 1) Skrivefristen på 01.07.2015 vert halden, sjølv om ein pr oktober 2014 ligg noko etter tidsskjema i sjølve tekstproduksjonen.
- 2) Utgjevingstidspunkt for fylkessoga er endra frå haust 2015 til 2016. Dette er grunna i at formalkrava for å få godkjendte eit produkt for vitskapleg publisering er innskjerpa i perioden frå avtalen vart inngått og fram til no. Dette fører til arbeidet frå ferdig manus og fram til trykking vil ta meir tid enn føresett ved avtaletidspunkt. Vitskapleg publisering gir poeng som igjen gir direkte utslag på budsjettet for institusjonen (HiSF).